



Gutane kom vidare etter straffespark-konkurranse. (Foto: Heimsida til Rosendal Turnlag)

Gutelaget vart onsdag kveld klare for kvartfinale etter at dei vann over Stordal. Det var ein jamn kamp mellom to gode lag, og kampen vart avgjort på straffesparkkonkurranse.

Etter ordinær tid stod det 1-1 på resultattavla. Dag Rune Myklebust stod for Rosendal si scoring då han var påpasseleg frampå og sette ballen elegant i mål. Det måtte ekstraomgangar til, og då dei vart mållause, måtte kampen avgjerast med ein svært jamn og spennande straffesparkkonkurranse.

Etter at kvart lag hadde teke fem straffar, var det framleis likt, og det måtte ekstra-straffar til. Thomas Halvorsen fekk æra av å setja inn den avgjerande straffen, og dermed braut jubelen laus.

No ventar ny kamp mot Dombås/Lesja 7'er i morgon. Vi kryssar fingrane for eit godt resultat også då.
Av Thor Inge Døssland